

**VEDTEKTER**  
**for**  
**Tresfjord storviltvald**

Vedtatt på stiftingsmøte onsdag 8. februar 2006 på Tresfjord Skule

Revidert 27.mars 2014

**§1. Laget**

Laget er ein samanslutnad av grunneigarar med jaktrett innanfor området som nemnt i §3.

**§2. Føremål.**

Føremålet til laget er å samle grunneigarar og rettshavarar i området for i fellesskap å forvalte storvilstressursane i samsvar med medlemmane sine mål, det offentlege sine føringer og intensjonane i lovverket.

Gjennom desse vedtektena påtek laget seg eit biologisk forvaltingsansvar overfor medlemmane når det gjeld hjort, rådyr og elg.

Laget skal i arbeidet sitt søkje å bevare ressursane på lang sikt og sørge for at beiteskadane i skog og innmark blir avgrensa.

Kwart jaktfelt disponerer retten til å bestemme korleis den praktiske jaktutøvinga skal gå føre seg.

**§3. Laget sitt område.**

Laget sitt område er: Kyrkjesytle, Rypdal, Øvstedal, Lindset, Skeidsvoll, Kjersem, Nerheim, Sørsytle, Eidhamar, Løvik, Kjøpstad, Eiknes og Bjermeland.

**§4. Tilslutning.**

Laget kan slutte seg til anna samarbeidsorgan med tilsvarende arbeidsområde og forplikte seg til å følgje retningslinene for desse.

**§5. Rekneskaps og arbeidsår.**

Rekneskap og arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget er forplikta av leiaren saman med ein styremedlem.

**§6. Medlemskap.**

Grunneigar i området har rett til å bli medlem. Grunneigar som eig mindre enn 20 daa totalareal kan ikkje bli medlem utan spesiell godkjenning av styret.

Innmelding skjer ved underteikning av innmeldingserklæring. Det blir utskrive medlemsbevis som viser tal andelar kvart medlem har. Medlemskapet skal lyde på vedkomande eidegom og kan ikkje skiljast frå denne. Eventuell seljar pliktar snarast å gjere nye eigarar av vedkomande eidegom kjende med medlemskapet.

Kwart medlem betalar ein andelskapital på kr. 50,- pr andel. Medlemane sitt økonomiske ansvar er begrensa til sin andelskapital.

**§ 7. Varigheit av medlemskapet.**

Medlemskapet gjeld for perioder på 5 år med automatisk forlenging av nye perioder.

## § 8. Utmelding.

Utmelding kan skje skriftleg i rekommendert brev med eitt års varsel til styre- formannen innan utgangen av 5-års perioden.

Utmelding må vere styret i hende før utgangen av det 4. arbeidsår i perioden for at medlemskapet ikkje skal forlengjast med 5. nye år. Årsmøtet kan forlenge medlemskapet til utmeld medlem for så langt tidsrom som krevs for å avvikle dei forpliktingar som laget har teke på seg. Utmeld medlem kan ikkje gjere krav på andel i laget sine fond eller eigedeler.

## § 9. Andelsfordeling.

Kvart medlem får tildelt andelar på følgjande måte:

- 1 andel for areal inntil 250 daa.
- 2 andeler for areal inntil 500 daa.
- 3 andeler for areal inntil 750 daa.
- 4 andeler for areal inntil 1000 daa.
- 5 andeler for areal inntil 1250 daa.
- 6 andeler for areal inntil 1500 daa.
- 7 andeler for areal inntil 1750 daa.
- 8 andeler for areal inntil 2000 daa.
- 9 andeler for areal inntil 2250 daa.
- 10 andeler for areal inntil 2500 daa.

For kvar nye påbegynte 500 daa areal over dei første 2500 daa blir det tildelt ein andel.

Andelsgrunnlaget er arealet som kommunen har godkjent som storviltareal, eventuelt pluss arealandel i sameiget.

Vedtak om justering av andelsgrunnlaget blir gjort av årsmøtet.

Andelane blir brukt ved gradert avstemming i årsmøtet.

Ved fordeling av kvotar og utbyte brukar ein teljande arealgrunnlag på dei ulike jaktfelta etter nærmare reglar fastsett i forvaltingsplana.

## § 10. Valdstyret.

Laget blir leia av eit styre på 9 medlemmar med personlege varamenn. Styremedlemmane blir søkt fordelt slik at dei ulike jaktfelta blir representert. Styret er beslutningsdyktig når minst 5 medlemmar er tilstades. Gyldig vedtak blir gjort med alminneleg fleirtal men med minst 4 stemmer. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme.

Styret vel sjølv nestleiar, kasserar og sekretær mellom medlemmane i styret.

### Tillegg vedtat på årsmøte 27.mars 2014

***Medlemmar og personlige varamann kan velgast av andre personer utenom innmeldt medlemmar i TSV, men det må da foreligge fullmakt i fra jaktfeltet som medlemmet skal representer samt tidsrom for gyldig fullmakt.***

Arbeidsoppgåvene til styret er mellom anna:

- Arrangere årsmøte og leggje fram årsmelding med revidert rekneskap. Utarbeide arbeidsplan for kommande år.
- Utarbeide forslag til driftsplan og forvaltingsplan med avskytingsavtale, her og reaksjonsreglar for brot på desse.
- Legge til rette for at dei grunneigarane som ønskjer det kan utnytte eigedomane sine i utmarksnæring.
- Arbeide for rasjonell jakt og, etter at sakene er lagt fram for årsmøtet, fastsette reglar for beskatting, jakttider og melde ulovlig jakt

- Føre kontroll med jakt etter ordning som er lagt fram for årsmøtet.
- Fordele fellingsløyva for året på jaktfelta etter reglar fastsett i forvaltingsplanen.
- Arbeide med å heve kunnskapen og kompetansen innan biologiske- og andre fagområde. (arrangere kurs, føredrag, halde fagtidsskrift til utlån osv.).
- Informere medlemmene om laget sitt arbeide.
- Arbeide for maksimal tilslutning til laget.

Det skal først protokoll over styret sine møte.

#### § 11. Ordinært årsmøte.

Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av mars. Rett til å delta på årsmøtet har berre medlemmar eller deira fullmektig. Eit medlem kan møte med skriftleg fullmakt og stemme for andre medlemmar innan same jaktfelt.

Saker som medlemmene ønskjer tekne med på saklista, må være komne til styret innan 1. februar. Skriftleg innkalling til årsmøtet må vere ute til medlemmene minst 2 veker før årsmøtet. Sakliste blir vedlagd innkallinga saman med naudsynte sakspapir.

Vedtak på årsmøtet blir gjort med vanleg fleirtal mellom dei frammøtte.

Til vedtaksending kreves 2/3 fleirtal. Ved skriftleg avstemming ser ein på blanke stemmer som ikkje gjevne stemmer.

Dersom det i ei sak blir kravd av minst eitt medlem, blir det brukt gradert stemmerett etter andeler.

Er eit sameie medlem har dei som har stemmerett til saman stemmet etter arealet. Ved ordinær avstemming har sameiet ei stemme.

Årsmøtet skal:

1. Velje møteleiar.
2. Godkjenne innkalling og sakliste.
3. Godkjenne fullmakter - foreta namneopprop.
4. Velje 2 personar til å skrive under årsmøteprotokollen saman med møteleiaren.
5. Behandle styret si årsmelding, reviderte rekneskap og arbeidsplan.
6. Behandle forslag fra styret, mellom anna forslag til forvaltningsplan (ikkje kvart år) og avskytningsavtale.
7. Behandle innkomne forslag frå medlemmene.
8. Velje styremedlemmer og varamedlemmer.  
( Kvart enkelt jaktfelt vel ein representant.)
- Styremedlemane og varamedlemane vert vald for to år, men første året vert halvparten vald for eit år etter loddtrekning.
9. Velje leiar for eitt år om gongen mellom dei valde medlemmene.
10. Velje 2 revisorar med 1 varamann.

Årsmøtet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga.

#### § 12. Ekstraordinært årsmøte:

Ekstraordinært årsmøte blir halde når styret eller minst 1/3 av laget sine medlemmar krev det. Det kan berre gjerast vedtak i dei sakene som er nemnt i innkallinga og møtet skal kunngjera og innkallast på den måten som gjeld for ordinært årsmøte.

#### § 13. Oppløysing av laget.

Oppløysing av laget kan gjerast med 2/3 fleirtall av eitt årsmøte etter at det har vore føreslege for det føregåande ordinære årsmøte. Minst halvparten av stemmeandelane må være tilstades.

Dersom ikkje så mange medlemmer møter, kan forslaget vedtakast på nytt årsmøte med vanleg fleirtall mellom dei som møter.

Ved oppløysing tilfell laget sine egedelar Tresfjord Utmarksråd.

Før oppløysing må laget sine forpliktingar og eventuelle økonomiske fordringar vere dekt.

**§ 14. Tvistar:**

Alle tvistar mellom laget og medlemmane i laget, eller mellom medlemmane innbyrdes om forståing og gjennomføring av desse vedtektena, skal laget alltid prøve å oppnå forlik gjennom forhandlingar. Dersom slikt ikkje vert oppnådd kan saka leggast fram for Vestnes forliksråd for vidare behandling.